

Innspel til ein framtidig modell for lokal forvaltning av verneområde

Stortinget bad i 1996 om ei utprøving av ulike modellar for lokal forvaltning av verneområde. Fire store verneområde har delteke i denne utprøvinga. Forsøka har blitt evaluert eksternt og er no i ferd med å bli avslutta.

Med bakgrunn i dei eksterne evalueringane og egne erfaringar ynskjer dei fire forsøksområda å kome med eit innspel i den pågåande diskusjonen om ein framtidig forvaltingsmodell. Innspelet har også bakgrunn i dei politiske signala i Soria Moria - erklæringa og vedtak om lokal forvaltning i fleire konkrete vernesaker den siste tida.

Vi ber om at Miljøverndepartementet og Stortinget vurderer innspelet vårt i samband med evalueringa av forsøksprosjektet vi har deltatt i.

Forslag til forvaltingsmodell

1. Både nasjonalparker og landskapsvernområde skal kunne forvaltast lokalt der det er ynskje om dette.
2. Det vert organisert eit styre for kvart område med lokalt forvaltning. Styret vert samansett av politisk oppnemnde medlemmer frå kvar av kommunane og fylkeskommunane som er omfatta av vernet. I samiske område har òg Sametinget representasjon. Styret vert organisert interkommunalt etter § 27 i Kommunelova.
3. Styret vel sjølv eit AU som har ansvaret for det daglege arbeidet.
4. Fylkesmannen, lokalt SNO og rådmannsnivå i kommunane og fylkeskommunane har møte- og talerett på alle styremøte. Det same gjeld villreinnemnda i dei områda dette er aktuelt.
5. Fylkesmannen og villreinnemnda har møte- og talerett på AU -møta.
6. Det vert gjennomført eit årleg dialogmøte med grunneigarorganisasjonar, friluftsgesamtisjoner og andre organisasjonar og grupper som har brukarinteresser i dei verna områda.
7. Eit interkommunalt forvaltingssekretariat vert organisert i kvart område, underlagt styret og AU
8. Dei interkommunale forvaltingssekretariatet søker råd og rettleiing hjå regionalt statleg nivå gjennom eitt av dei aktuelle fylkesmannsembeta. Dette embete får tilført ekstra ressursar for å kunne rettleie den interkommunale forvaltninga og sikre nødvendig samordning og dialog.
9. Dei interkommunale forvaltingssekretariata vert tilført ressursar som gjer dei i stand til i forvalte områda på ein forsvarleg og framtidsretta måte.
10. Kvant område må tilførast tilstrekkelege ressursar til skjøtsel, tilrettelegging og informasjon.

Oslo, 9. januar 2009

.....

Ola Røtvei, leiar Dovrefjellrådet (Dovrefjell- Sunndalsfjella nasjonalpark)

.....

Thor Jørgen Tjørhom, styreleiar Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane
landskapsvernområde

.....

Johannes Sandstad, styreleiar Blåfjella – Skjækerfjella/Låarte -Skæhkere nasjonalpark

.....

Erling Lenvik, styreleiar Forollhogna nasjonalpark